

FØRESEGNER

TIL REGULERINGSPLAN FOR MASSETAK PÅ STEINSHAMN PÅ GBNR. 8/8 M.FL. I SANDØY KOMMUNE

1 GENERELT

- 1.1 Disse føresegnene gjeld for området innanfor reguleringsgrensa på plankartet. Utbygging av området skal skje i samsvar med plankartet og føresegnene.
- 1.2 Disse reguleringsføresegnene kjem i tillegg til Plan- og bygningslova med forskrifter og bygningsvedtekter for Sandøy kommune.
- 1.3 Der særlege grunnar talar for det, kan planutvalet innanfor ramma av Plan- og bygningslova tillate mindre vesentlege unnatak frå reguleringsplanen.
- 1.4 Etter at desse føresegnene er vedtekne, er det ikkje tillate å inngå privatrettslege avtalar i strid med reguleringsføresegnene.
- 1.5 Området er regulert til følgjande formål:

Spesialområde (PBL §25, 1. ledd nr. 6)

- Jordbruksveg

Kombinerte føremål (PBL §25, 2. ledd)

- Massetak/Jordbruk

2 SPESIALOMRÅDE

2.1 Jordbruksveg

- A. Dette gjeld forlenging av eksisterande jordbruksveg fram til massetaket. Vegen skal nyttast som tilkomst for massetaket.

3 KOMBINERTE FØREMÅL

3.1 Massetak / jordbruk, M / J1

- A. Massetaket skal utførast etappevis nordover, og delområda som blir ferdigstilt skal så raskt som mogeleg opparbeidast som jordbruksområde. Planlagte koter for ferdig eng er vist på plankartet. Massetaket skal vere avslutta, og terrenget ferdig opparbeidd til jordbruksområde innan 10 år etter at planen er godkjent. Maksimum djupne på steintaket er 1 meter under planlagt ferdig terreng. Dette skal oppfyllast med jordmasse for klargjering til landbruksareal.
- B. Området som er i bruk til massetak skal vere innegjerda og avstengt for uved-

komande. Det må til ei kvar tid sytast for at området framstår ryddig og tiltalande. Maskiner og utstyr som ikkje er i bruk over lengre tid må anten fjernast frå området eller skjermast mot innsyn.

- C. Drifta av massetaket skal følgje godkjend driftsplan. Driftsplan blir å behandle i samband med søknad om tiltak etter §93 i plan og bygningslova. Driftsplanen skal også omfatte støysonekart.
- D. Det må ikkje føregå arbeid eller massetransport i eller frå området mellom kl 21 og 07 og heile søn- og helgedagar.
- E. Med omsyn til støy og støvplager skal det ikkje føregå noka form for pukkverksdrift.

Endra 26.04.2007 i K-sak 07/9

Eigengodkjend i Sandøy kommunestyre 26.04.07

**Nils Magne Abelseth
Ordførar**